

ETIKK, RELEGION OG FILOSOFI

1-2 år	2-3 år	3-6 år
• Bidra med rettleiing slik at barna lærer korleis dei skal være med kvarandre og visa empati. • Barna skal få anerkjennast fra vaksne og oppleve at dei blir tatt på alvor. • Dei vaksne hjelper barna med å setta ord på følelsar og forsterka positive handlingar. • Me legg til rette for at barna kan få kjennskap til dei ulike livssyn og religionar som er representert i barnegruppa. Høgtider markerast på eit enkelt nivå tilpassa barna. • Barna erfarer å dela med andre og ta eigne val. • Utvikla seg til å visa omsorg for kvarandre.	• Me skal bidra til at barna lærer å meistra sosialt samspel med andre barn og vaksne. • Vaksne skal vera gode rollemodellar for barna gjennom å vera bevisst på ordbruk og kroppsspråk i forhold til kvarandre. • Barna lærer om empati og medmenneske. Blir bevisst på eigne handlingar og at dei påverkar andre. • Barna skal bli kjende med ulike kulturar, høgtider og tradisjonar.	• Me skal bidra til at barna utviklar toleranse, respekt og interesse for kvarandre ved å vera aktive vaksne som samtalar med barna. • Fokus på korleis man kan vera ein god ven for kvarandre. • Samtale og filosoferer over grunnleggjande spørsmål. • Fokus på problemløysing og sjølvstendig tenking. • Barna får kunnskap om at vi er forskjellige og at det er bra for fellesskapet. Reflektera over kven man er og korleis ein vil vera.

FOR BARNA BETYR DETTE AT :

Dei skal få kunnskap om korleis man bør vera rundt kvarandre og ha omtanke for kvarandre.

Dei skal få hjelp til å setja ord på følelsane sine og andre sin følelsar.

Dei skal oppfordrast til å hjelpe kvarandre og visa omsorg.

Dei skal få delta i samtalar om vennskap.

Dei skal få øva på å vente på tur.

Dei skal få undra seg rundt livssynsspørsmål og erfaring med å markera ulike høgtidsdagar og merkedagar.